



Statens vegvesen

Dato: 04.11.2022

Ny skredfaktormodell - innspel frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er kjent med at Statens vegvesen har gjennomført ei høyring av eit framlegg til ny skredfaktormodell blant fylkeskommunane. Det går fram av høyringsbrevet at dette er ein del av forarbeidet til neste nasjonale transportplan (NTP). Det er uklart om det òg vil danne grunnlag for arbeidet med gjennomføringsplanen for skredsikring av riks- og fylkesvegar som Stortinget har bedt å få til handsaming i 2023.

Kommunane i Indre Sognⁱ har heilt særeigne utfordringar innan samferdsle. Vi har mange og lange tunnelar. Vegane er av dei mest skredutsette i landet. Dei mange fjellovergangane ut og inn av regionen er krevjande, særleg på vinterstid. I tillegg gjer Sognefjorden oss ofte avhengig av ferje.

Dette gjer oss sårbare. Ved skred og dårleg vêr. Ved ulukker, tunnelbrannar, havari og tekniske problem. Men òg ved større vedlikehaldsprosjekt. Og ofte har vi ikkje omkøyringsalternativ. Eller dei er få og tek urimeleg lang tid.

Å leve og virke i denne mest skredutsette regionen i landet gir oss ei unik kompetanse på risikobilete, konsekvensane av skred og ras og ikkje minst prioritering av tiltak. Kompetansen vert òg viktig i planlegging og som grunnlag for politiske vedtak, både på kort og lang sikt.

Endringa av reknemodellar kan fort gje mindre føreseielege prosessar og få følgjer for langsiktig planlegging. Jo meir omfattande endringane vert, jo meir forstyrrande.

Den nye modellen skal gjere arbeidet for SVV enklare, med bruk av eksisterande data osv.

Kommunane i Sogn regionråd meiner ei slik tilnærming er gal. Modellen tek m.a. ikkje lengre omsyn til viktige element som:

- *Stengingsfaktor*
- *Skredfarestengingsfaktor*
- *Naboskredfaktor*

Desse faktorane er 35 % av grunnlaget i gjeldande modell.

Både komponentane trafikkmengd, skredsannsyn og omkøyringsfaktor får dessutan endra innhald.

Det vert i tillegg innført eit nytt element, skredbreidde. Det ser ut til at det gjeld både snøskred og steinsprang.

Målet er at fylkeskommunane skal ta i bruk modellen.

Sett opp mot fylkeskommunen sitt planarbeidⁱⁱ slår modellen heilt galt ut i Sogn:

- *Fv. 55 Esefjordbrua rykker ned 335 plassar*
- *Fv. 5600 Arnafjorden (med unntak av Eitreneset) rykker ned 405 plassar*

ⁱ Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal

ⁱⁱ Regional transportplan (vedteke) og budsjettet for 2023 (framlegg)

- *Fv. 53 Vest for Finnsåstunnelen rykker ned 172 plassar*

Dette er alle prosjekt som kjem til gjennomføring dei neste åra.

Dei markante endringane i skredfaktor samanlikna med gjeldande modellen dokumenterer at den ikkje er brukbar i møte med regionale prioriteringar, skredkompetanse og opplevd skredfare/risikobilete.

Om dette arbeidet skal legge grunnlag for vidare prioriteringar er det uheyrte at kommunane og andre interessentar ikkje har vore ein del av høyringa. Det finst tusenvis av ras- og skredpunkt rundt om i landet med eit enorm lokalt engasjement. Lokale styremakter må få uttale seg om ein modell som betyr ei so stor omvelting for so mange lokalsamfunn.

Modellen gjev eit resultat som er bortimot umogleg å få forståing for lokalt, der ras- og skredpunkt som ikkje vert opplevd farlege kjem langt framfor dei velkjende punkta som ein over lang tid har arbeidd for å sikre.

Gjeldande modell har til no danna grunnlag for fordeling av skredsikringspotten i statsbudsjettet. Vi reknar med at dette framleis vert praksis ved fordeling av midlane til fylkeskommunane og fylkesvegane etter at løyvingane til skredsikring på riksvegane no ikkje lenger er med i budsjettposten.

Dette er alvorleg. Ei forenkling berre tufta på kva data som finst og utan bruk av mange av skredelementa må gå galt. Summen av å ta vekk nokre, innføre nye og justere dei andre elementa er dramatisk. Det nye kartet stemmer ikkje på noko vis med terrenget.

Sogn regionråd vil sterkt råd frå at det vert gjort så omfattande endringar i modellen.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
fungerande leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift

Kopi: Fylkesutvalet